

Notat 2006–20

Økonomien i jordbruket på Vestlandet
Trender og økonomisk utvikling siste tiåret, 1996–2005
Økologisk mjølkeproduksjon

Ane Margrethe Lyng
Jon Sværen

| | |
|---------------------|--|
| Tittel | Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret, 1996–2005. Økologisk mjølkeproduksjon |
| Forfattere | Ane Margrethe Lyng, Jon Sværen |
| Utgiver | Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) |
| Utgiversted | Oslo |
| Utgivelsesår | 2006 |
| Antall sider | 78 |
| ISBN | 82-7077-665-3 |
| ISSN | 0805-9691 |

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres av Landbruks- og matdepartementet, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår om lag 1 000 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Det er stor etterspurnad etter lokale økonomiske data for Vestlandet. I tillegg er det er eit mål for NILF å gjere data frå driftsgranskningane lettare tilgjengelege.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det deltek 173 bruk frå Vestlandet i granskinga, om lag 60 bruk frå kvart fylke. Dei økonomiske dataene i 10-årstrendane i kapittel tre er deflaterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktene i tabellsamlinga inneheld beløp i nominelle kroner frå kvart av åra. Kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5–10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

Driftsgranskningane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidarar ved alle kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Vestlandet.

Jon Sværen er ansvarleg for tabellane i kapittel fem og Ane Margrethe Lyng har skrive notatet. Takk til Anne Bente Ellevold som har ferdigstilt notatet for trykking.

Oslo, desember 2006

Ivar Pettersen

Innhold

| | | |
|-------|--|----|
| 1 | INNLEIING | 1 |
| 2 | ØKOLOGISKE MJØLKEBRUK | 3 |
| 3 | TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET | 7 |
| 3.1 | Resultatmål i jordbruket | 7 |
| 3.1.1 | Driftsoverskot | 7 |
| 3.1.2 | Vederlag til arbeid og egenkapital (Jordbruksinntekta) | 9 |
| 3.1.3 | Lønsevne per time | 11 |
| 3.2 | Skogbruket | 14 |
| 3.3 | Totaløkonomien på vestlandsbruka | 15 |
| 3.3.1 | Nettoinntekt | 15 |
| 3.4 | Nettoinvestering | 16 |
| 3.5 | Gjeld | 18 |
| 3.6 | Soliditet - egenkapitalprosent | 18 |
| 4 | DRIFTSRESULTATET I JORDBRUKET PÅ VESTLANDET 2005 | 21 |
| 5 | TABELLSAMLING 2000–2004 | 25 |
| 6 | FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA | 77 |

Figurer

| | | |
|------------|---|----|
| Figur 3.1 | Driftsoverskot for heile landet og Vestlandet | 8 |
| Figur 3.2 | Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet | 8 |
| Figur 3.3 | Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet | 9 |
| Figur 3.4 | Jordbruksinntektene per årsverk for heile landet og Vestlandet | 9 |
| Figur 3.5 | Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene mjølk/ gris, -storfekjøtt og -sau | 10 |
| Figur 3.6 | Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene sau og frukt | 11 |
| Figur 3.7 | Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet | 11 |
| Figur 3.8 | Lønsevne per time for dei ulike driftsformene | 12 |
| Figur 3.9 | Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet | 14 |
| Figur 3.10 | Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet | 15 |
| Figur 3.11 | Prosentvis fordeling av nettoinntekt til brukarfamilien på Vestlandet | 16 |
| Figur 3.12 | Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet | 17 |
| Figur 3.13 | Nettoinvesteringar for driftsformene mjølk/ svin, mjølk, sau og frukt | 17 |
| Figur 3.14 | Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer | 18 |
| Figur 3.15 | Egenkapitalprosent for dei ulike driftsformene | 19 |

Tabeller

| | | |
|------------|--|----|
| Tabell 3.1 | Mjølke/ storfeproduksjon på Vestlandet og i heile landet | 13 |
| Tabell 3.2 | Saueproduksjon på Vestlandet og i heile landet | 14 |

Tabellsamling

| | | |
|-----------|---|----|
| Tabell 1 | Landsdeltal, Vestlandet | 26 |
| Tabell 2 | Fylkestal, Hordaland | 29 |
| Tabell 3 | Fylkestal, Sogn og Fjordane | 32 |
| Tabell 4 | Fylkestal, Møre og Romsdal | 35 |
| Tabell 5 | Vestlandet, storleiksgrupper, gruppe 1 (under 50daa), alle driftsformer | 38 |
| Tabell 6 | Vestlandet, storleiksgruppe II (50–100 daa), alle driftsformer | 41 |
| Tabell 7 | Vestlandet, storleiksgruppe III (100–200 daa), alle driftsformer | 44 |
| Tabell 8 | Vestlandet, storleiksgruppe IV (200–300 daa), alle driftsformer | 47 |
| Tabell 9 | Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer | 50 |
| Tabell 10 | Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon | 53 |
| Tabell 11 | Vestlandet, driftsformer, sauehald | 56 |
| Tabell 12 | Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin | 59 |
| Tabell 13 | Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau | 62 |
| Tabell 14 | Vestlandet, driftsformer, frukt | 65 |
| Tabell 15 | Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 15 årskyr | 68 |
| Tabell 14 | Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 15–19,9 årskyr | 71 |
| Tabell 14 | Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe frå og med 20 årskyr | 74 |

1 Innleiing

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)¹ ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit visst omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og til offentleg politikk og forvaltning.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå Statens landbruksforvaltnings tilskotsregister. Uttrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000–80 000 kroner. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 67 år. Kvart år vert mellom fem og ti prosent av deltakarbruka skifta ut.

Oppbygging av notatet

I 2005 var det i alt med 928 bruk i driftsgranskingane. Av desse kom 173 bruk frå Vestlandet. Dette notatet tar for seg den økonomiske utviklinga i jordbruket på Vestlandet dei siste 10 åra, med hovudvekt på rekneskapsåret 2005.

I kapittel to ser vi nærare på økologisk mjølkeproduksjon. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar og alle bakgrunnsdata er de-

¹ NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slått saman med Sekretariatet for Budsjettneimda i jordbruket

flaterte etter konsumprisindeksen. Fjerde kapittel inneheld den årlege pressemeldinga for Vestlandet som omhandlar driftsresultatet i jordbruket for året 2005. Kapittel fem er sjølve tabellsamlinga som inneheld tal frå driftsgranskningane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka², ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Nytt i år er at ein kan finne tal frå ulike storleiksgrupper innanfor mjølkeproduksjon, gruppert etter tal årskyr. Alle dei økonomiske data i kapittel fem (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

² Utvalet av bruk i driftsgranskninga skal ikkje vere representativ for jordbruket i kvart fylke, men for regionen.

2 Økologiske mjølkebruk

Regjeringa har som mål at 15 prosent av all matproduksjon skal være økologisk innan 2015.

For å nå dette målet må sal av norske økologiske meierivarer auke. I fjor auka salet av økoprodukt frå TINE med om lag 100 prosent. Hovudårsaka til det var at all kefir ble lagt om til økologisk. Sett bort frå kefiren, auka salet av økologiske meieriprodukt med 13 prosent. TINE kan også melde at økologiske mjølkeprodukt har hatt ein særskild god salsutvikling i første kvartal 2006³.

Produsentar med leveranseavtale for økologisk mjølk i klyngeområde, får kr 0,60 per liter ekstra (ut året 2010). Produsentar utanfor klynge, som har levert økologisk mjølk sidan før 31.12.02, får kr 0,30 per liter i tillegg (ut året 2006). Produsentar godkjende i 2003 og seinare som ikkje har leveringsavtale, får ikkje tillegg i prisen. Det var per 31. desember 2005, 236 produsentar med leveringsavtale, 47 produsentar som fikk kr 0,30 per liter i tillegg og fire produsentar som leverte utan tillegg. Totalt var det 287 leverandørar av økologisk mjølk som leverte til TINE. Utanom desse er det to økologiske mjølkeprodusentar som er knytte til Haugaland meieri. (kjelde: SLF)

For den økologiske storfeproduksjonen hadde Gilde Norsk Kjøtt i 2005 følgjande leveringsvilkår på økologisk slakt: *Storfe* hadde eit pristillegg på kr 1,00 som var inkludert i prisen på dyr med Debio sine øyremærke (metallklyper). *Kalv*: Det er ikkje pristillegg på økologisk kalv, fordi kvantumet er for lite til å forsvare eigen varestraum⁴.

I driftsgranskingane vart det i 2005 registrert 17 mjølkebruk med økologisk produksjon og fem mjølkebruk som er under omlegging. Vi har her valt å berre ta med dei bruka som har fått tilskot for økologisk produksjon, dvs. dei bruka som er godkjente som økologiske. Resultata frå desse økobruka er presenterte i tabellen under og samanlikna med tilsvarende konvensjonelle mjølkebruk.

Samanlikna med dei mjølkebruka som driv konvensjonelt, har økobruka i snitt det beste økonomiske resultatet (sjå tabell). Skilnaden er liten og han hadde kanskje vore større dersom økobruka hadde fylt opp kvoten sin. Økobruka produserer også mindre

³ Kjelde: SLF

⁴ Kjelde: gilde.no

storfekjøtt enn dei konvensjonelle fordi mange sel oksane medan dei ennå er kalvar. Årsaka til det kan vere at produksjon av storfeslakt er intensiv og kraftfôrkrevjande. Det kan og ha samband med kravet frå DEBIO om at alle storfe som står på bås, også oksar, skal luftast, og at alle dyra skal ha tilgang til beite kvar dag i beitesesongen.

Økobruka har fleire årskyr enn samanlikningsgruppa, men økokyrne har lågare yting. I Noreg ligg gjennomsnittleg yting for ei økologisk ku på 5 000 kg mjølk⁵. Gjennomsnittstala skjuler store variasjonar og økokyrne i vårt utval produserer nærare 6 000 kg mjølk per år.

Prisen på økomjølka ligg 50 øre over den konvensjonelle mjølka per liter. Økobruka får også betre betalt for kuskaltet, men mindre for anna storfeslakt, samanlikna med dei konvensjonelle. Økobruka får meir i tilskot, både fordi dei har større areal⁶, fleire dyr og fordi dei får ekstra tilskot til økologisk drive areal.

Økobruka har låge variable kostnader samanlikna med dei som driv konvensjonelt. Det er som venta fordi økobruka ikkje nyttar kunstgjødsel eller sprøytemidlar i produksjonen, og fordi dei bruker mindre kraftfôr enn dei konvensjonelle. Bruken av kraftfôr varierer frå null til om lag 35 prosent av årsfôret. Sjølv om det økologiske kraftfôret kostar kr 1,23 meir per kg enn konvensjonelt kraftfôr, vert kraftfôrkostnaden lågare for dei økologiske bruka. Frå 24. august 2005 måtte heile fôrrasjonen til økologiske mjølkekyr vere økologisk. Mange gardsbruk hadde til då nytta 15 prosent ikkje-økologisk fôr i den årlege fôrrasjonen. Det er nå nok norskprodusert økologisk korn på marknaden.

Økobruka har mykje høgare faste kostnader enn dei konvensjonelle og det gjeld serleg dei kostnadene som er knytt til leigd arbeid, jordleie og maskinleie. Dei har også høgare avskrivningar enn dei konvensjonelle og det meste skriv seg frå driftsbygningar. Det tyder på at økobruka investerer i bygningar og det har nok ein samband med forbodet mot båsfe for økologiske mjølkeprodusentar alt frå år 2011.

Det blir hevda at økologisk drift er meir arbeidskrevjande enn konvensjonell drift, og vi ville difor venta at arbeidsforbruket for økobøndene skulle vere høgare enn for dei konvensjonelle bøndene. Overraskande nok er det ikkje tilfelle for bruka i utvalet. Tal arbeidstimar i jordbruket er lik for begge gruppene, men timebruken per årsku er lågare for økobruka enn for dei konvensjonelle. Den same tendensen har vi sett på bruk som driv med økologisk sauehald⁷.

⁵ Kjelde: agropub.no

⁶ Økobruka i driftsgranskinga har 39 prosent meir eng og beite enn dei konvensjonelle. Det er naudsynt fordi dei har så mykje lågare avling, då dei ikkje nyttar kunstgjødsel og må drive ugraskamp for hand

⁷ Kjelde: <http://www.nilf.no/Publikasjoner/Notater/nn/2005/N200515Innhald.shtml>

| | Konvensjonell mjølkeproduksjon | Økologisk mjølkeproduksjon |
|---|-----------------------------------|-------------------------------|
| Tal observasjoner | 414 | 17 |
| Areal i alt, daa | 258 | 376 |
| herav grovfôr og beite | 241 | 335 |
| Avlinger i FEm | | |
| Grovfôr og beite | 361 | 267 |
| Storfe | | |
| Årskyr, stk | 16,90 | 20,70 |
| Kviger over eit år, stk | 9,80 | 11,70 |
| Oksar over eit år, stk | 4,40 | 1,40 |
| Mjølkk per årsku, kg | 6 676 | 5 871 |
| Omsett mjølk, l | 100 089 | 106 758 |
| Mjølkekvote, l | 101 677 | 120 134 |
| Prisar ,kr | | |
| Mjølkk | 3,54 | 4,09 |
| Kukjøtt | 28,78 | 30,00 |
| Storfekjøtt | 33,89 | 31,84 |
| Arbeidstimar i jordbruket, t | 3 336 | 3 391 |
| Timar per årsku, t | 197 | 164 |
| Produksjonsinntekter, kr | | |
| Husdyrproduktar av storfe | 517 400 | 560 700 |
| Andre husdyrproduktar | 3 300 | 8 200 |
| Tilskot | 320 200 | 387 400 |
| Andre inntekter | 29 600 | 25 419 |
| Produksjonskostnader, kr | | |
| Sum variable kostnader | 249 900 | 207 700 |
| herav kraftfôr | 138 800 | 106 100 |
| herav gjødsel og kalk | 27 200 | 2 700 |
| herav anna fôr inkl. balanseendring | 11 300 | 21 600 |
| Sum faste kostnader, ekskl. avskrivningar | 277 600 | 389 400 |
| Avskrivningar | 83 000 | 114 300 |
| herav bygningar | 40 200 | 60 800 |
| herav traktor, maskiner og reisk. | 42 800 | 52 500 |
| Resultatrekning, kr | | |
| Driftoverskot i jordbruket | 260 000 | 270 300 |
| Driftoverskot i skogen | 7 800 | 9 300 |
| Driftoverskot tilleggsnæring | 25 000 | 90 600 |
| Driftoverskot anna næring | 14 900 | 3 800 |
| Lønsinntekter | 166 000 | 170 600 |
| Vederlag til alt arbeid og eigenkap. | 312 600 | 340 300 |
| Vederlag til alt arbeid og eigenkap per årsverk | 172 900 | 185 100 |

3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 1996 til og med 2005. Materialet er gruppert etter region, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små og for dei kan utskifting av bruk og større investeringar på einssilde bruk gje utslag på resultatata.

Alle resultatata i dette kapittelet er omrekna til 2005-kroner etter konsumprisindeksen.

3.1 Resultatmal⁸ i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time.


3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien og gje vederlag til både eigen og lånt kapital.

Utviklinga for Vestlandet følgjer same trenden som resten av landet, men overskotet ligg på eit lågare nivå (figur 2.1). Årsaka til dette er i hovudsak at bruka på Vestlandet er mindre enn landsgjennomsnittet. Dei siste to åra har skilnaden i driftsoverskot mellom landet og Vestlandet vorte mindre og i 2005 er skilnaden på kr 22 000.

For Vestlandet har driftsoverskotet halde seg jamt rundt kr 200 000 gjennom perioden. Lågaste driftsoverskot var det i 1999 med kr 182 000, og høgast i 2002, med kr 215 000. Endring i gjennomsnittleg driftsoverskot siste år er lite.

⁸ Sjå forklaringar på faguttrykk bakerst i notatet.




Figur 3.1 Driftsoverskot for heile landet og Vestlandet

Kombinasjonen mjølk- og svin har det høgaste driftsoverskotet gjennom heile perioden. Dette er relativt store bruk med 196 dekar innmark i middel og med eit produksjonsomfang i middel på 13,8 årskyr, 26 purker og 334 slaktegrisar. Dei har hatt eit driftsoverskot på mellom kr 350 000 og 400 000 siste halvdel av perioden og trenden er positiv for denne gruppa (figur 2.2). Auka produksjon av svinekjøt, betre pris på storfekjøtt og lågare timebruk forklarar mykje av endringa i driftsoverskot siste året.

Mjølkeproduksjon kombinert med storfekjøtt er den største driftsforma på Vestlandet. I denne gruppa har det vore små endringar gjennom heile tiårs perioden og det gjennomsnittlige driftsoverskotet for 2005 er på kr 230 000.


Fruktbruka har i 2005 det lågaste driftsoverskotet i perioden. Det skuldast i all hovudsak låge avlingar.

Sauehald har eit jamt over lågt driftsoverskot. Det har vore små endringar, men vi ser ein liten, positiv trend dei siste fire åra.



Figur 3.2 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet

Driftsoverskotet for ulike storleiksgrupper varierer. Bruk over 300 daa var fram til 2002 mest mjølk- og svineprodusentar. Frå 2003 vart fleire større sauebruk med i denne gruppa, og dei var med å trekkje ned driftsoverskotet for gruppa. Den minste gruppa, bruk under 50 daa, er i hovudsak bruk med fruktproduksjon og mindre saueprodusentar.




Figur 3.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet

3.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital (Jordbruksinntekta)

Jordbruksinntekta er her definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp), og til forrenting av eigenkapitalen.

Figur 2.4 viser jordbruksinntektene per årsverk for heile landet og Vestlandet. For Vestlandet ligg snittet på mellom kr 140 000–150 000 gjennom perioden. I 2005 var jordbruksinntektene per årsverk på kr 151 000, og det er det beste resultatet gjennom tiårs perioden.




Figur 3.4 Jordbruksinntektene per årsverk for heile landet og Vestlandet

Bruka med produksjonsforma svin/ mjølk hadde i 2004–2005 ein stor auke i produksjonen av svin- og storfekjøtt. Dei reduserte tal årskyr, men dei kyrne som vart att produserte meir mjølk enn før. Denne produksjonsauken må sjåast i samanheng med større mjølkekvote på bruka. Kg mjølk per årsku har auka gjennom perioden frå 6 100 kg i år 2000 til 6 500 kg i 2005. Mjølk- og svineprodusentane rykkjer dermed ytterlegare frå dei andre, og har i 2005 det beste resultatet gjennom 10 års perioden.

Driftsforma mjølk/ storfekjøtt har også hatt ein produksjonsauke. Driftskostnadene for denne gruppa har auka, og det gjer at dei har eit lågare resultat i 2005 enn året før. Også denne gruppa produserer meir mjølk per årsku, frå 2 100 kg i år 2000 til 2 800 kg i 2005.

For driftsforma mjølk/ sau har det vore små endringar dei siste åra. Det har ikkje vore noko merkbar produksjonsauke siste året.


For alle gruppene har det vore ein generell prisauke på storfekjøtt på om lag ei krone og ein prisreduksjon på svinekjøtt og på lammekjøtt, høvesvis kr 0,80 og kr 1,40 per kg.



Figur 3.5 Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene mjølk/ gris, -storfekjøtt og -sau

Fruktavlingane varierer mykje mellom år. Vekselbering er ofte eit problem, og i 2005 var avlingane igjen låge, og dermed også svakt økonomisk resultat.

Dei reine sauebruka er dei som jamt over har den lågaste jordbruksinntekta. Prisane på sau- og lammekjøtt har gått ned, og var i 2005 i snitt på kr 27,10 per kg (kr 12,25 per kg for sau og kr 31,43 per kg for lam). Trass låg lønsemd i sauenæringa, har bruka i vårt utval hatt ein produksjonsauke siste år og dermed fått ein auke i jordbruksinntekt.




Figur 3.6 Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene sau og frukt

3.1.3 Lønsevne per time


Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimar. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når innsett kapital har fått godtgjering.

Lønsevna per time for vestlandsbruka var i 2005 på kr 75,00 og det er det beste resultatet gjennom 10 års perioden (figur 2.7).



Figur 3.7 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet

Lønsevna for driftsformene mjølk/ storfe og mjølk/ sau og sau har alle gått opp siste halvdel av perioden og var i 2005 på høvesvis kr 82, 64 og 37 per time (figur 2.8). Lønsevna for fruktbøndene fekk derimot ein kraftig knekk i 2005, og etter ein topp i 2004 med ein lønsevne på kr 83 per time, enda dei i 2005 på kr 60.



Figur 3.8 Lønsevne per time for dei ulike driftsformene

Det kan vere interessant å sjå kva som skil Vestlandsbruk frå bruk elles i landet. I tabellane under har vi valt å sjå på produksjonsformene mjølk/ storfe og sau, og samanlikna dei med tilsvarende produksjon i heile landet, for året 2005.

Det er lite som skil mjølkebruka på Vestlandet frå mjølkebruka elles i landet. Vestlandsbruka er noko mindre, har lågare kvote og omsett mindre storfekjøt, og det gjev utslag i eit lågare driftsresultat. Dei er elles like produktive og effektive som mjølkeproducentane i resten av landet.

Tabell 3.1 Mjølkk/ storfeproduksjon på Vestlandet og i heile landet

| Mjølkk/ Storfe | Vestlandet | Heile landet |
|---|------------|--------------|
| <i>Årskyr</i> | 15,3 | 16,9 |
| <i>Jordbruksareal, daa</i> | 211 | 258 |
| <i>Mjølkekvote</i> | 93 630 | |
| <i>Timar i jordbruket</i> | 3052 | 3336 |
| Timar per årsku | 199 | 197 |
| <i>Produksjon</i> | | |
| Mjølkk per årsku, kg | 6 685 | 6 676 |
| Storfekjøtt omsett, kg | 3 728 | 4 228 |
| <i>Prisar</i> | | |
| Mjølkk, kr | 3,46 | 3,54 |
| Kukjøtt, kr | 28,83 | 28,78 |
| Anna storfekjøtt, kr | 34,20 | 34,01 |
| <i>Resultatmål</i> | | |
| Driftsoverskot, kr | 229 126 | 259 997 |
| Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr | 162 761 | 172 868 |
| Lønsevne, kr/ time | 81,67 | 87,34 |


Lønsemda i sauehaldet på Vestlandet har vore svak i ei årrekkje. Mykje av årsaka er at sauebruka på Vestlandet er mindre enn bruka elles i landet. Små og ofte tungdrivne bruk kan forklare skilnaden i timebruk. Vestlandsbruka produserer også mindre kjøtt per vinterfôra sau (vfs.) og har færre gagnslam og til saman gjer dette store utslag på driftsresultatet. For dei bruka som har stort produksjonsomfang, betyr økonomien meir. Dei må drive profesjonelt, og pris, kvalitet og mengde omsett kjøtt betyr mykje meir for dei enn for dei med få dyr. Det er også slik at for dei små bruka vil alternativverdien av arbeidskrafta være høg. Mange brukarane i denne gruppa har full jobb ved sida av bruket, og dei har derfor vilje og evne til å investere i arbeidssparande tiltak, som ikkje nødvendigvis står i forhold til omsetninga på bruket.

Tabell 3.2 Sauproduksjon på Vestlandet og i heile landet

| Sau | Vestlandet | Heile landet |
|---|------------|--------------|
| <i>Tal vinterføra sau (vfs)</i> | 101 | 127 |
| <i>Jordbruk sareal, daa</i> | 246 | 175 |
| <i>Timar i jordbruket</i> | 1991 | 2162 |
| Timar per vfs | 19,7 | 17,0 |
| <i>Produksjon</i> | | |
| Kjøtt per vfs, kg | 26 | 28 |
| Omsett sau- og lammekjøtt, kg | 2530 | 3582 |
| Gagnslam | 1,3 | 1,4 |
| <i>Prisar</i> | | |
| Sau- og lammekjøtt, kr | 27,10 | 27,09 |
| Ull, kr | 31,89 | 32,06 |
| <i>Resultatmål</i> | | |
| Driftsoverskot, kr | 60906 | 93976 |
| Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr | 77998 | 106462 |
| Lønsevne, kr/ time | 37,16 | 52,12 |

3.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskingane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruka driv ikkje aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjør berre ein liten del av totalinntekta. På nokre bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet for skogen er lågt gjennom heile perioden (figur 2.9).




Figur 3.9 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet

3.3 Totaløkonomien på vestlandsbruka

3.3.1 Nettoinntekt


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.

Nettoinntekta for vestlandsbruka har auka gjennom perioden på linje med resten av landet, men ingen auke for vestlandet siste året. (figur 2.10).



Figur 3.10 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet

Figur 2.11 viser prosentvis fordeling av alle inntektene til brukarfamilien på Vestlandet. Driftsoverskotet frå jordbruket utgjer ein stadig mindre del av dei samla inntektene til brukarfamilien. I 1995 henta mjølkebonden nærare 60 prosent av inntekta frå jordbruket, i 2004 utgjer driftsoverskotet frå jordbruket berre 42 prosent av dei samla inntektene. I den same perioden har lønsinntektene auka med 10 prosentpoeng.




Figur 3.11 Prosentvis fordeling av nettoinntekt til brukarfamilien på Vestlandet

3.4 Nettoinvestering


Nettoinvesteringar er investeringar gjort i løpet av året, minus avskrivningar, investeringstilskot og verdien av selde eigedelar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Sjølv i relativt store grupper, vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid.

Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering gjennom perioden, med unnatak av 2000 (figur 3.12). Den høgaste nettoinvesteringa var i 2004 med kr 66 000 per bruk i gjennomsnitt. I 2005 er investeringane redusert med 68 prosent til kr 22 000.



Figur 3.12 Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet

Bruka med driftsformene mjølk/ storfekjøt, sauehald og fruktproduksjon har hatt moderate investeringar dei siste 10 åra (figur 3.13). Det er driftsforma mjølk/ svin som i snitt har hatt dei største investeringane i perioden. Dei hadde store investeringar i 1998 og i perioden 2002/03. I 2005 er det jamt over låg investeringsaktivitet med unntak av sauebruka, som for første gang i perioden har den høgaste nettoinvesteringa med kr 41 000.




Figur 3.13 Nettoinvesteringar for driftsformene mjølk/ svin, mjølk, sau og frukt

3.5 Gjeld

Gjeld er her all gjeld for brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån.

I løpet av siste 10 års perioden har samla gjelda for vestlandsbøndene nesten vorte dobla, til om lag ein million i gjennomsnitt. Det er bruka med mjølk/ svin som har den høgaste gjelda (figur 3.14). Desse bruka har hatt høge investeringar i samband med endra husdyrforskrifter og auke i produksjonen.

Bruka med frukt og bruka med sauehald har svært låg gjeld, men også hos dei har det vore ein auke siste år, og dei er no oppe i vel kr 500 000 i gjeld per bruk i snitt.



Figur 3.14 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer


3.6 Soliditet - egenkapitalprosent

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke nøkkeltal for å vise dette, mellom anna egenkapitalprosenten. Den viser kor stor del av egedelane som er finansiert med eigenkapital.

Det er ei vanleg oppfatning at eigenkapitalprosenten bør vere over 50. Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rente på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng vere. I materialet er alle egedelar til brukarfamilien med.

Ser vi på dei ulike driftsformene, er det driftsforma mjølk/ svin som har lågast eigenkapitalprosent, og det er god samanheng mellom dei årlege endringane i gjeld og nettoinvesteringane for desse bruka (figur 3.15). Mykje av dei investeringane som er gjennomførde dei siste åra, er finansierte med lånt kapital.

Mjølkebruka har også redusert eigenkapitalprosenten gjennom perioden, men ligg godt over dei tilrådde 50 prosentane. For dei andre driftsformene har eigenkapitalprosenten vore svært stabil, og høg gjennom heile perioden.



Figur 3.15 Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene

4 Driftsresultatet i jordbruket på Vestlandet 2005

I samband med at NILF sentralt sender ut pressemelding for driftsgranskingar i jord- og skogbruk for heile landet, vil vi supplere med ein del lokale data for fylke og regionar. Vedlagt følgjer lokal pressemelding for Vestlandet, lang versjon.

Hovudtendensar:

- **Svak auke i jordbruksinntektene**
- **Sauehaldet på frammarsj**
- **Dårlig resultat for fruktdyrkarane**

Vestlandsbøndene har i snitt hatt ein liten auke i jordbruksinntektene siste år. Auken har vore på to prosent, til kr 151 000 per årsverk i 2005. Jordbruksinntektene er her definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka. Også i 2005 oppnådde dei bruka som driv mjølkeproduksjon i kombinasjon med svinehald det beste gjennomsnittresultatet, med kr 190 800 per årsverk. Den største produksjonen på Vestlandet, mjølkeproduksjon kombinert med storfehald, har ikkje hatt endring i jordbruksinntekta frå 2004 og hadde i 2005 kr 162 800 per årsverk. Sauebruka derimot hadde ein auke på 13 prosent, til kr 78 000 per årsverk. Fruktbruka hadde ein nedgang i avling som gjorde at dei fekk eit mykje dårligare resultat i 2005 enn året før, på kr 117 700 per årsverk. Det er ein nedgang på heile 27 prosent.

Det har vore ein produksjonsauke på mjølke- og svinebruka og på sauebruka. Elles er det små endringar hos dei produsentane som driv med mjølk/ storfe og mjølk/ sau.

Mjølkeprisen har vore om lag uendra siste tre år, prisen på ku- og storfekjøtt har auka med ei krone og prisen på svinekjøtt og sau- og lammekjøtt gjekk ned med høvesvis kr 0,80 og kr 1,40 per kg.

Driftsgranskingane i jordbruket er basert på eit tilfeldig utval av 928 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 173 bruk frå Vestlandet; 54 i Hordaland, 60 i Sogn og Fjordane og 59 i Møre og Romsdal. Jordbruksarealet for desse bruka var i

middel 182 dekar, 3 dekar meir enn i 2004. Arbeidsinnsatsen til familien var i 2005 på 2 309 timar. Dette utgjer 1,25 årsverk à 1 845 timar og er ein auke på 1 prosent. Leigd arbeid utgjer 469 timar som er ein auke på 8 prosent. Jordbrukskapitalen var i middel per bruk kr 1 293 300.

Investeringane på gjennomsnittsbuket på Vestlandet var i 2005 på kr 21 700, ein nedgang på kr 44 300, og det er dei største bruka som har investert mest. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året.

Lønsemda varierer med bruksstorleik og driftsform. Av dei 173 bruka på Vestlandet som er med, har 6 prosent mindre enn 50 dekar innmark, 16 prosent har mellom 50 og 100 dekar innmark, 42 prosent har mellom 100 og 200 dekar og 26 prosent har mellom 200 og 300 dekar. Resten, 10 prosent, er større enn 300 dekar. Jordbruksinntekta aukar med auka størrelse på bruket og medan dei minste bruka hadde kr 82 000 per årsverk, oppnådde dei største kr 157 800. Dei andre storleiksgruppene plasserer seg i mellom desse to. Ulik driftsform forklarar mykje av skilnaden i vederlag mellom gruppene. I gruppa under 50 daa finn vi fruktbruk og mindre sauebruk og desse minste bruka hentar ein større del av inntekta si utanom bruket. For dei utgjør lønsinntekt i gjennomsnitt kr 308 000, og for dei største kr 164 000. Alder på brukar varierer også, frå 54 år i den minste gruppa til 42 år i den største.

Mjølkeproduksjon har gjennom mange år vore basisen for landbruket på Vestlandet, og det er flest bruk i denne gruppa, og dei utgjer 46 prosent av heile utvalet på Vestlandet. For desse er det svært små endringar på gjennomsnittstala siste året. Mjølkebruket har i middel 211 dekar jord, 15,3 årskyr og ein kvote på 96 600 liter. Jordbruksinntekta per årsverk er på kr 162 800, som er det same som i 2004. Det har ikkje vore produksjonsauke på desse bruka.

Kombinasjonen mjølkeproduksjon/svinehald har også i år best lønsemd på Vestlandet. Dette er relativt store bruk med 196 dekar innmark i middel. Driftsforma omfattar i alt 16 bruk med eit produksjonsomfang i middel på 13,8 årskyr, 26 purker og 334 slaktegrisar. Jordbruksinntekta har auka med 10 prosent til kr 190 800 per årsverk. Auka produksjon av svinekjøt, betre pris på storfekjøt og lågare timebruk forklarar mykje av endringa i resultatet.

Sauebruka på Vestlandet har tradisjonelt hatt låg jordbruksinntekt. Tala dei siste åra viser ein positiv trend, og i 2005 hadde sauebøndene i snitt ein auke i jordbruksinntekt på 13 prosent, til kr 78 000 per årsverk i 2005. Sauebruka har 101 vinterfôra sauer i snitt, og siste år har dei auka produksjonen. Sjølv om prisane på sau- og lammekjøt har gått ned, har produksjonsinntektene auka. Bruka med einssidig sauehald gjekk frå ei negativ nettoinvestering i 2004 til positiv nettoinvestering i 2005, med kr 40 500. Det vil seie at produksjonsapparatet er under fornying.

Det var eit dårleg avlingsår for fruktproducentane i 2005, og gruppa med frukt/ sauehald hadde ein kraftig nedgang i jordbruksinntekt. Fruktbruka hadde ein jordbruksinntekt på kr 117 700 per årsverk i 2005. Det er ein reduksjon på 27 prosent frå året før. Fruktinntektene er viktige på desse bruka, og jordbruksinntektene svingar i takt med fruktavlingane.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket utgjer 40 prosent av familien sine samla inntekter. Lønsinntekt utgjer om lag 42 prosent og næringsinntekter utan om jordbruk (også skog), utgjer 9 prosent. Resten av dei samla inntektene er pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter.

Samla gjeld har auka med fire prosent frå 2004, og utgjer i middel kr 1 042 300 for alle deltakarbruka på Vestlandet. Det gjev ein gjeldsprosent på 40, ein nedgang på eit prosentpoeng frå 2004.

Eigenkapitalprosenten viser kor stor del av egedelane som er finansiert med eigenkapital. For gjennomsnittsbuket på Vestlandet er eigenkapitalprosenten 60 prosent.

Maksimalt jordbruksfrådrag var kr 61 500 i 2005 og har ikkje vore endra sida 2003. Maksimal skattereduksjon per bruk er kr 17 220. For å oppnå dette, må næringsinntekta frå jordbruket vere over kr 170 000. I gjennomsnitt på Vestlandet utgjorde jordbruksfrådraget kr 55 400 per bruk. Inntektsverknaden av dette er det ikkje teke omsyn til i dei presenterte resultatmåla frå driftsgranskningane.

Alle dei presenterte resultatane er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 173 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.


Samla oversikt for 2005

| | Tal bruk | Gj. areal dekar | Driftsoverskot per bruk | | Vederlag til arb. og eigenkap. per årsv. | |
|-------------------------|----------|--------------------|----------------------------|---------|---|---------|
| | 2005 | | 2004 | 2005 | 2004 | 2005 |
| Vestlandet, alle | 173 | 182 | 202 600 | 206 671 | 147 900 | 151 000 |
| Bruk < 50 dekar | 8 | 40 | 117 300 | 71 800 | 116 500 | 82 000 |
| « 50 - 100 dekar | 28 | 77 | 145 400 | 134 700 | 127 300 | 115 900 |
| « 100-200 dekar | 73 | 147 | 189 900 | 198 300 | 150 700 | 164 700 |
| « 200-300 dekar | 45 | 239 | 240 300 | 236 000 | 159 100 | 152 900 |
| « 300-500 dekar | 18 | 374 | 283 500 | 317 500 | 147 700 | 157 800 |
| Mjølkeproduksjon | 79 | 211 | 223 500 | 229 100 | 163 300 | 162 800 |
| Mjølksauhold | 23 | 214 | 212 300 | 209 100 | 128 800 | 132 000 |
| Mjølksvinehold | 16 | 196 | 365 000 | 383 400 | 173 800 | 190 800 |
| Sauhold | 18 | 150 | 46 000 | 60 900 | 69 300 | 78 000 |
| Frukt m. sau | 18 | 62 | 186 600 | 120 600 | 160 900 | 117 700 |
| Mjølks Hordaland | 15 | 200 | 182 500 | 170 300 | 149 800 | 127 700 |
| Mjølks Sogn og Fjordane | 27 | 167 | 191 900 | 216 200 | 153 100 | 169 000 |
| Mjølks Møre og Romsdal | 37 | 230 | 260 200 | 262 400 | 174 000 | 172 400 |

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen

Jordbruksinntekt per årsverk, i faste 2005-kroner



Jordbruksinntekt per årsverk i Vestlandsjordbruket i perioden 1975–2005

5 Tabellsamling 2000–2004

1. Landsdeltal, Vestlandet
2. Fylkestal, Hordaland
3. Fylkestal, Sogn og Fjordane
4. Fylkestal, Møre og Romsdal
5. Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer
6. Vestlandet, storleiksgruppe II (50–100 daa), alle driftsformer
7. Vestlandet, storleiksgruppe III (100–200 daa), alle driftsformer
8. Vestlandet, storleiksgruppe IV (200–300 daa), alle driftsformer
9. Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer
10. Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon
11. Vestlandet, driftsformer, sauehald
12. Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin
13. Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau
14. Vestlandet, driftsformer, frukt
15. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 15 årskyr
16. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 15–19,9 årskyr
17. Vestlandet, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe frå og med 20 årskyr

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 2001–2005. Det er presenterte tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpande, og kvar tabell er delt inn i tre delar, a, b og c. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneheld opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b, produksjonsinntekter og kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstillegg og variable og faste kostnader. Den siste delen, c, resultat og balanse, viser ulike resultatmål og ei oversikt over balansen pr 31.12.

Tabell 1a Landsdelstal, Vestlandet
Produksjonstekniske data og opnadde prisar

| Periode | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|--------|-------|--------|--------|--------|
| Tal bruk i gruppa | 172 | 178 | 177 | 181 | 173 |
| Alder på brukar | 47 | 46 | 45 | 45 | 46 |
| Arealfordeling og avling per dekar | | | | | |
| Korn i alt, daa | 2,5 | 3,6 | 4,4 | 4,3 | 5,1 |
| Korn i alt, FEm per daa | 289 | 354 | 302 | 310 | 253 |
| Grovfor i alt, daa | 139,9 | 152,0 | 158,9 | 170,4 | 172,0 |
| Grovfor i alt, FEm per daa | 370 | 367 | 346 | 353 | 342 |
| Frukt og bær, daa | 3,4 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 3,5 |
| Jorbruksareal i alt, daa | 147,1 | 160,2 | 167,7 | 179,3 | 181,6 |
| Jorbruksareal i alt, Fem/ daa | 366 | 367 | 345 | 352 | 339 |
| Leigd areal, daa | 43,5 | 50,8 | 53,9 | 58,4 | 62,9 |
| Husdyrproduksjon | | | | | |
| Arskyr | 9,1 | 9,3 | 9,6 | 10,1 | 9,9 |
| Omsett mjølk, liter | 49 666 | 51431 | 54 436 | 58 451 | 57 939 |
| Mjølkekvote | 51 364 | 53991 | 57 070 | 61 034 | 60 768 |
| Mjølk, per arsku, kg | 6231 | 6306 | 6 403 | 6 574 | 6 610 |
| Storfekjøtt, kg omsett | 2027 | 2052 | 2 284 | 2 534 | 2 554 |
| Tal grisekull | 3 | 3 | 3 | 4 | 5 |
| Slaktegris, kg omsett | 1526 | 1435 | 2 134 | 2 118 | 2 528 |
| Vinterfora sauer | 23 | 26 | 28 | 26 | 28 |
| Kg kjøtt per vf sau | 24 | 25 | 24 | 25 | 26 |
| Ull, kg omsett | 126 | 125 | 138 | 128 | 145 |
| Mjølk per arsgreit, kg | 506 | 438 | 493 | 494 | 577 |
| Arbeidsforbruk, timar | | | | | |
| Brukar | 1 954 | 1903 | 1 949 | 1 953 | 1937 |
| Ektefelle | 312 | 344 | 356 | 330 | 354 |
| Barn under 17 ar | 27 | 16 | 14 | 9 | 18 |
| Sum familie | 2 293 | 2 263 | 2 319 | 2 293 | 2 309 |
| Leigd arbeid | 402 | 475 | 428 | 433 | 469 |
| Leigd arbeid, ubetalt | 236 | 280 | 276 | 287 | 219 |
| Timar jordbruket | 2 931 | 3 018 | 3 024 | 3 012 | 2 997 |
| Timar skogbruket | 69 | 52 | 50 | 44 | 38 |
| Timar nyanlegg | 45 | 62 | 44 | 60 | 35 |
| Oppnadde prisar, kr per kg / ltr | | | | | |
| Bygg | 1,48 | 1,71 | 1,64 | 1,48 | 1,61 |
| Havre | | | | | |
| Kumjølk, liter | 3,40 | 3,52 | 3,46 | 3,44 | 3,46 |
| Kukjøtt | 25,39 | 25,23 | 26,54 | 28,07 | 28,99 |
| Anna storfekjøtt | 30,79 | 30,28 | 31,46 | 33,40 | 34,41 |
| Smagris, kr per stk | 745 | 773 | 774 | 673 | 687 |
| Svinekjøtt, slaktegris | 20,35 | 21,73 | 21,58 | 21,10 | 20,34 |
| Sau- og lammekjøtt | 29,20 | 28,69 | 30,13 | 28,44 | 27,05 |
| Ull | 32,43 | 33,57 | 33,86 | 32,08 | 32,43 |
| Geitemjølk, liter | 3,77 | 3,67 | 3,40 | 3,72 | 4,22 |
| Egg | 10,47 | 12,49 | 13,72 | 12,77 | 11,02 |

1) Timar ubetalt leigd arbeid er berekna for ar 2001

Tabell 1b Landsdelstal, Vestlandet
Produksjonsinntekter og -kostnader per bruk

| Periode | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Korn | 645 | 1 750 | 1 770 | 928 | 1 062 |
| Frukt | 16 248 | 24 473 | 17 509 | 25 821 | 22 599 |
| Andre planteprodukt | 8 212 | 8 108 | 6 382 | 7 627 | 7 995 |
| Planteprodukt | 25 104 | 34 332 | 25 662 | 34 376 | 31 656 |
| Storfe, mjølk | 168 846 | 181 039 | 188 422 | 201 319 | 200 651 |
| Stofe, livdyr og slakt | 66 934 | 72 577 | 81 853 | 86 547 | 100 100 |
| Smagris | 7 781 | 9 113 | 10 226 | 8 353 | 14 104 |
| Slaktegris | 31 884 | 31 068 | 48 305 | 42 153 | 52 002 |
| Purker og ranar | 4 550 | 6 606 | 3 648 | 5 771 | 6 328 |
